



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	01.10.2013
Tid:	13:30 – 15:15

Medlemer som møtte:

Camilla Storøy Hermansen	Medlem	KRF
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP

Forfall:

Arnulf Goksøyr	LEDER	H
Olaug Andreassen	MEDL	AP
Per Kristian Furø	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

Idar Tarberg	Arnulf Goksøyr	H
Henry Jøsokbakke	Olaug Andreassen	V
Janita Iren Westbø Remøy	Per Kristian Furø	AP

Andre:

Rådmann Erlend Krumsvik
Sekretær Lisbeth Moltu Espeseth
Planleggar Aleksander Zahl Tarberg
Leiar utv.avd. Jarl-Martin Møller
Leiar avd. barn,familie og helse Inger Marie Tofthagen

Møtet vart leia av varaordførar Tor Sindre Steinsvik

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vert valde:
Camilla Storøy Hermansen og Janita Westbø Remøy

Til slutt i møtet orienterte økonomileiar Geir-Egil Olsen om programmet Arena Budsjett.

underskrifter

Camilla Storøy Hermansen

Tor Sindre Steinsvik

Janita Westbø Remøy

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 162/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 163/13	Protokoll frå førre møte
PS 164/13	Delegasjonssaker
PS 165/13	Referatsaker
PS 166/13	Kommundelplan for Trafikktrygging 2013-16 - Offentleg ettersyn
PS 167/13	FV 654 Kvithaugsmyrkrysset - Flusundkrysset. Planutfordringar/oppstart av planarbeid.
PS 168/13	Kommunedelplan for helse og omsorg - til offentlig ettersyn
	Delegasjonssaker frå avdelingane
DS 43/13	Kjøp av næringsstomter på Mjølstadneset.
	Referatsaker
RS 37/13	Møteprotokoll SSL 25.04. og 27.08.2013

PS 162/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste med tillegg av ei orientering om programmet Arena Budsjett v/økonomileiar Geir-Egil Olsen.

PS 163/13 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 164/13 DELEGASJONSSAKER

Møtebehandling:

Delegasjonssaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 165/13 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 166/13 KOMMUNDELPLAN FOR TRAFIKKTRYGGING 2013-16 - OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte i saka.

Formannskapet ber administrasjonen utarbeide eit notat om trafikktrygging ved Einedalen skule og gangfelt ved Herøy kyrkje.
(Ref. løyving på kr. 2 mill i K-sak 211/12: Budsjett og økonomiplan 2013)

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 01.10.2013

Formannskapet vedtek med heimel i PBL § 11-14 å leggje forslag til kommunedelplan *KDP Trafikktrygging 2013-2016* ut til offentleg ettersyn/høyring i seks veker.

Planforslaget vert samstundes sendt regionale og statlege instansar for uttale.

PS 167/13 FV 654 KVITHAUGSMYRKRYSSET - FLUSUNDKRYSSET. PLANUTFORDRINGAR/OPPSTART AV PLANARBEID.

Møtebehandling:

Leiar for utviklingsavdelinga Jarl-Martin Møller møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 01.10.2013

Formannskapet ber om at det vert iverksett førebuingar for oppstart av reguleringsplanarbeid for FV 654 på strekninga Kvithaugsmyrkrysset – Flusundkrysset med basis i dei utfordringar og prioriteringar som er skissert i utgreiinga frå rådmannen.

PS 168/13 KOMMUNEDELPLAN FOR HELSE OG OMSORG - TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Leiar avdeling for barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 01.10.2013

Formannskapet vedtek at kommunedelplan for Helse- og Omsorg vert lagt ut til offentlig ettersyn i seks veker i medhald av plan- og bygningslova § 11-14.

MØTET SLUTT KL. 15:15